



Arkivsaknr: 2026/4166-1
Sakshandsamar: Tove Hagenes
Avdeling: Plan og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Medlemskap i Bergen Næringsråd

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Alver kommune melder seg inn i Bergen Næringsråd.
2. Kostnaden for medlemskapet vert dekt innanfor kommunedirektøren si gjeldande budsjettramme.
3. Medlemskapet kjem i tillegg til kommunen sitt vidare samarbeid med Nordhordland Næringslag.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næring, kultur og idrett

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Samandrag

Kommunedirektøren rår til at Alver kommune melder seg inn i Bergen Næringsråd. Eit medlemskap vil gi kommunen tilgang til eit større regionalt nettverk, møteplassar, faglege arrangement, rapportar og innsikt i arbeids- og næringslivet i Bergensregionen. Dette kjem i tillegg til, og ikkje i staden for, kommunen sitt medlemskap og samarbeid med Nordhordland Næringslag. I eit meir mobilt og digitalt arbeidsliv, med aukande konkurranse om kompetanse og arbeidskraft, vurderer kommunedirektøren det som tenleg at Alver kommune nyttar dei nettverka som verkar i vår bu- og arbeidsmarknadsregion.

Saksopplysningar

Alver kommune er i dag medlem i Nordhordland Næringslag og gir òg tilskot til næringslaget sitt arbeid i regionen. Nordhordland Næringslag er ein medlemsorganisasjon som arbeider for å fremje næringslivet sine interesser i Nordhordland, vere ein pådrivar for utvikling i regionen og skape møteplassar for nettverksbygging, profilering og fagleg påfyll. Organisasjonen opplyser at dei har om lag 350 medlemsbedrifter og at dei samarbeider tett med kommunane i regionen.

Bergen Næringsråd omtalar seg som regionen si viktigaste arena for nettverksbygging og opplyser at dei representerer om lag 7 000 medlemmer frå rundt 1 400 bedrifter. Medlemskap gir tilgang til eit stort tal medlemsmøte og arrangement gjennom året, nettverk, kurs og opplæring, rabattar på aktivitetar, samt rapportar, kartleggingar og høve til påverknad gjennom ekspertgrupper og næringspolitisk arbeid.

Årskontingent medlemsskap Bergen Næringsråd

frå 01.01.2026

Ansatte / årsverk	Pris	Stemmer (GF)
Gründer (3 første år)	2 750,-	1
1–10 ansatte	5 700,-	1
11–50 ansatte	11 900,-	2
51–100 ansatte	23 200,-	4
101–200 ansatte	30 400,-	6
201–500 ansatte	37 600,-	8
500+ ansatte	46 900,-	10

* MVA bereknast kun av serviceavgift. Kontingentdelen tilleggast ikkje mva.

Det er i denne saka lagt til grunn at årskontingenten vil vere 11 900 kroner. Bergen Næringsråd si publiserte prisliste frå 1. januar 2026 viser at 11 900 kroner er satsen for medlemskap for verksemdar med 11–50 tilsette/årsverk. Endeleg kontingent må difor stadfestast ved innmelding, dersom Bergen Næringsråd vurderer at ei anna medlemskategori skal leggjast til grunn.

Vurdering

Kommunedirektøren meiner at Alver kommune bør vere til stades i dei nettverka som i praksis utgjer den utvida bu- og arbeidsmarknadsregionen vår. Alver kommune er ein del av ein større regional samanheng der næringsliv, kompetansearbeidsplassar, pendling, utdanning og rekruttering i aukande grad kryssar kommunegrensene. Eit medlemskap i Bergen Næringsråd vil kunne gi kommunen betre tilgang til denne arenaen.

Kommunedirektøren vil peike på at dette ikkje er eit alternativ til medlemskap i Nordhordland Næringslag, men eit supplement. Nordhordland Næringslag er ein viktig samarbeidspartnar for kommunen i arbeidet med å fremje næringslivet i vår eigen region, løfte lokale saker og byggje relasjonar i Nordhordland. Samstundes har Bergen Næringsråd

ein annan storleik, eit vidare geografisk nedslagsfelt og tilgang til fleire møteplassar, kartleggingar og nettverk enn det kommunen elles vil ha tilgang til.

I eit arbeidsliv som vert stadig meir mobilt og digitalt, og der mange verksemdar rekrutterer i ein større regional marknad, er det viktig at Alver kommune har innsikt i dei utviklingstrekk som påverkar rekruttering, kompetansetilgang og regional attraktivitet. Bergen Næringsråd sitt arbeid med møteplassar, kunnskapsdeling, rapportar og næringspolitisk påverknad kan gi kommunen nyttig tilgang til informasjon og relasjonar som kan styrkje kommunen si rolle både som samfunnsutviklar og arbeidsgivar.

Kommunedirektøren vurderer kostnaden som avgrensa sett opp mot den potensielle nytten av medlemskapet. Med ein årleg kontingent på om lag 11 900 kroner vil kommunen få tilgang til ei rekkje aktivitetar, rapportar og nettverk som elles ikkje vil vere tilgjengelege. Etter kommunedirektøren si vurdering vil dette vere ei tenleg investering i relasjonsbygging, kunnskapsinnhenting og regional posisjonering. Samstundes bør medlemskapet nyttast aktivt, slik at kommunen deltek på relevante møteplassar og tek i bruk den kunnskapen og dei nettverka medlemskapet gir tilgang til.

Bergen Næringsråd opplyser at dei fleste kommunane rundt Bergen allereie har inngått medlemskap. Eit medlemskap medfører reduserte prisar på arrangement og gjer det lettare å knytte til seg aktivitetar og nettverk i Bergen og området rundt. Utan medlemskap vil ein kunne gå glipp av dette.

På denne bakgrunnen rår kommunedirektøren til at Alver kommune melder seg inn i Bergen Næringsråd.

Konsekvensar og konklusjon

Økonomiske konsekvensar	Årskontingenten er lagt til grunn å vere 11 900 kroner per år. Endeleg medlemskategori og kontingent må stadfestast ved innmelding. Kostnaden vert vurdert å kunne dekkjast innanfor eksisterande rammer.
Folkehelse	Saka har ikkje direkte verknad for folkehelse.
Klima og berekraft	Saka har ikkje direkte verknad for klima, men styrkt regionalt samarbeid og kompetanseutvikling kan indirekte støtte ei meir berekraftig samfunnsutvikling.
Konklusjon	Kommunedirektøren tilrår at Alver kommune melder seg inn i Bergen Næringsråd, som eit supplement til det vidare samarbeidet med Nordhordland Næringslag.